



Hyringsssvar om justering av hovudgudstenesta og allmenne fbresegner

Hyringsssvar frå Bjergvin biskop

Hyringstema 1: Korleis auka kvaliteten og talet på deltakarar i gudstenesta.

1a: Korleis meiner de gudstenestereforma har påverka gudstenestelivet i dykkar bispedøme og i Den norske kyrkja?

Det er dessverre ikkje mogeleg å sjå ei endring til det betre i oppslutninga om gudstenesta. Den svakt dalande utviklinga har halde fram.

Gudstenestereforma har ført til at mange har hatt vanskelegare for å kjenne seg att i liturgien. Gudstenesta har tatt eit steg bort frå å vera almennt og kjent, slik at skiljet mellom dei innanfor som kan dei skiftande kodane og dei utanfor er blitt større. Men også dei vande kyrkjegjengarane kan kjenne seg framande når dei går til ei anna kyrkje enn deira eige.

Prinsippet om stadeingjering gjorde at reforma kom skeivt ut. Dette var vanskeleg å grunnje og allereie i utgangspunktet ikkje vellukka. Det har lite med stadeingjering å gjere om t.d. syndevedkjenninga kjem tidleg eller seint i gudstenesta eller om ein vel den eine eller andre varianten av nattverdliturgien.

Positivt kan det seiast at reforma truleg har verka bevisstgjerande for fleire av dei aktive i kyrkjelyden. Mange har lært noko nytt om samanhengen mellom dei ulike ledda i liturgien og kva dei tyder. Dette gjeld særleg for dei som var direkte involvert i arbeidet med ny grunnordning i kyrkjelyden.

Vidare er det svært positivt med auka involvering, men dette kunne ein ha fått til også utan ein så omfattande reform.

1b: Kva har fungert godt, og kva har fungert dårleg ved gudstenestereforma?

Det er blitt større mangfald og auka forvirring. Det blei for mykje stadeingjering og fleksibilitet og for lite av kontinuitet og einskap.

Involvering er som nemnt ein gevinst av gudstenestereforma, men inntrykket er at det var dei som var gode på involvering før som også er det no.

I ei luthersk kyrkje kan ein sakna større merksemd kring forkynninga. Det er ikkje sikkert at kyrkja har hatt rett fokus i denne prosessen. Skulle vi ha gjort meir for å styrke preika og brukt mindre tid på ulike alternative liturgiske formuleringar?

1c: Kva av dei momenta som er nemnt ovanfor meiner de me særleg bør retta vår merksemd mot i gudstenestearbeidet framover?

Som nemnt ovanfor kan det no vere tid for å spørja etter forkynninga si rolle og om preika dei siste åra har vorte nedprioritert samanlikna med liturgien og salmane. Kva kan vi gjera for å heva kvaliteten?

I Bjørgvin har me i år sendt prestar frå fem prosti på vidareutdanningskurset «Kunsten å snekre ei preike». Vi vil også drøfte i kva grad prostane over tid kan følgje opp prestane si forkynning på ei nærare og betre måte.

Samstundes må vi styrkje den diakonale sida ved gudstenesta, det som vert gjort for at folk, både dei som er der ofte og sjeldan, skal føla seg velkomen og vel. Her er ikkje minst kyrkjekaffien viktig.

1d: Kva behov ser de for eit meir variert gudstenesteliv med ulike former for gudstenester?

I eit bispedøme som Bjørgvin, med mange små kyrkjelydar ser me behov for ei kort hovudgudsteneste som kan fungere også der det er få deltakarar og svak song. Det kan vere trong for ein liturgi for ei kort hovudgudsteneste som òg kan brukast på lekmannsgudsteneste.

Høyringstema 2: Allmenne føresegner for hovudgudstenesta

Høyringsspørsmål 2: Meiner de at det er behov for å justera eller presisera noko ved prosedyren for korleis kyrkjelyden sin lokale grunnordning vert utarbeidd og vedtatt (jf. Alminnelige føresegner)? Kva bør endrast?

Det bør ikkje gjerast endringar i prosedyren for utarbeiding og godkjenning av lokal grunnordning. Fortsatt må biskopen godkjenne lokal grunnordning og også vesentlege forslag om endringar i denne. Dette er viktig av omsyn til den teologiske gehalten i liturgiane og einskapen i kyrkja.

Det må vere slik at det i kvar kyrkje ligg ein fullt utskriven normalagenda, det vil seia eit dokument som viser høgmesseliturgen og har med det vanlegaste alternativet på dei ulike ledd, samlingsbøn, forbøn og nattverdbøn. Alternativ som er vedtatt av soknerådet og musikk kan stå i rubrikk. Denne må vera skriva full ut slik at presten enkelt kan ha gudsteneste ut frå den. Dette er særleg viktig når det er vikar eller framande prestar som held gudsteneste i kyrkja.

Høyringstema 3: Justeringar i hovuddel I. Samling, ledd 1 – 8

3a: Ledd 1 Førebuing:

Bjørgvin biskop er samd i at kyrkjerommet normalt bør vere ope ei stund før gudstenesta, men vil ikkje gjera dette til eit absolutt påbod.

3b: Ledd 1 Førebuing:

Det bør stå at informasjonen før gudstenesta skal vere kort.

3c: Ledd 2 Inngangssalme:

Det bør ikkje vera obligatorisk å stå på fyrste salme. Særleg i små kyrkjelydar, som det er mange av i Bjørgvin, vil det kunna oppfattast som underleg dersom dei få deltakarane som syng noko haltande må reisa seg under salmen. Unnataket er ved prosesjon, t.d. med dåpsfølge.

3e: Ledd 4 Samlingsbøn: Samlingsbøna bør vera eit kan-ledd.

3f: Ledd 5 Syndsvedkjenninga

Bjørgvin biskop støttar ynsket om ei meir uttalt luthersk syndeforståing og meiner at den tradisjonelle, nr 6 frå 1977-liturgien, framleis bør vera eit alternativ.

Det er klokt å redusere innleiinga til syndevedkjenninga til ein variant, men eg er usamd i at tilseiinga av Guds nåde på eit vis kjem både før og etter syndevedkjenninga, slik det no leggst opp til ved at ein innleiar med å seie: Guds barmhjertighet/miskunn er stor. Her føregrip ein konklusjonen på vedkjenninga, og noko av dramatikken fell då burt. Dersom ein likevel vel å ha ei slik formulering, vil det truleg kommunisere betre å seie «nåde» enn barmhjertighet/miskunn.

Den beste måten å innleie syndevedkjenninga på vil etter mi meining vere: Lat oss be om tilgjeving.

Det bør ikkje vere høve til å ha ei lokalt utforma syndevedkjenning. Eg fryktar at mange vedkjenningar då vil formidle ei svekka syndeforståing, og få eit meir moralistisk preg. Dessutan er få ting så lite lokale som synda.

Tilseiingsorda etter vedkjenninga må alltid vere med.

3g: Ledd 6 Bønerop kyrie

Dersom ein vil skape gjenkjenning må ein avgrense valmuligheitene til den godkjente liturgiske musikken.

3h: Ledd 7 Lovsong gloria

Her bør det normalt vere same ordning som for kyrie. Ved einskilde gudstenester må ein likevel kunne erstatta gloria med ein annan lovsong, men ein bør avgrense det til ein for ikkje å leggja til rette for ein lovsongsavdeling som forlenger gudstenesta og hindrar flyten i liturgien.

3 i: Ledd Dagens bøn

Bjørgvin biskop stør med ein viss tvil at Dagens bøn skal vera obligatorisk.

3 j: Kommenterar til høyringstema 3

Ein bør frå sentralt hald ikkje leggje føringar for når kyrkjelyden skal stå eller sitte. Her er det store forskjellar frå rom til rom.

Det er likevel viktig at det ved kvar einskild gudsteneste står klart i agenden når kyrkjelyden skal stå og sitte.

Høyringstema 4: Justeringar i hovuddel II. Ordet, ledd 9 – 17

Høyringsspørsmål 4: Har de endringsforslag eller kommentarar til hovuddel II. Ordet?

«Gud vere lova!» kan framleis vere kyrkjelydssvar der det er innarbeidd og fungerer godt, men ikkje vere obligatorisk.

I mange kyrkjelydar har det utvikla seg ein praksis der dei to fyrste lesingane kjem rett etter kvarandre utan salme mellom, særleg når det er dåp.

Eg er ikkje samd i at ein opnar for nokre andre svarledd til evangeliet enn et hallelujaomkved. Dersom ein lar kyrkjelyden her synge ein salme, lang eller kort, vil teksten fort bli gløymt og samanhengen mellom evangelieteksten og preika mindre tydeleg.

Lovprisinga etter preika bør ha ei form som er lik for alle. Viss ein tek i bruk ein alternativ formel der Gud vert tiltala som skapar, frigjerar og livgjevar, i staden for den trinitariske tiltalen som Faderen, Sonen og Den heilage ande, vil dette verka meir som ei politisk markering enn ei lovprising på slutten av peika. Det er nok at denne formuleringa, som teologisk sett er undervektig i høve til den tradisjonelle forma ved at den ikkje er trinitarisk, kan brukast i starten av gudstenesta. Den bør ikkje kunne brukast i preika også. Dessutan er formuleringa med skapar, frigjerar og livgjevar ei *supplerande* muligheit i innleiinga til gudstenesta, her etter preika vil den stå *åleine*.

Høyringstema 5: Justeringar i hovuddel III. Nattverd, ledd 18 –21

Høyringsspørsmål 5 a: Særkalk/Intinksjon

Björgvin biskop er motstandar av at ein i same gudsteneste praktiserer både nattverd i den tradisjonelle forma med særkalk ved alterringen og intinksjon. Dette svekker måltidet sin karakter av einskapsteikn, og kan lett skape eit inntrykk av eit A- og B-lag i kyrkjelyden.

Høyringsspørsmål 5 c: Takkofferet

Björgvin biskop er samd i at takkofferet inngår i nattverdliturgien.

Høyringsspørsmål 5d: Ledd 19 Takkseiing og bøn og 5e: Ledd 20 Nattverdmåltidet

Det er særst viktig at tilseiingsorda/erklæringsorda ikkje reduserast, då vil ein mista både ei avgjerande teologisk tyding av nattverdhendinga og sambandet til Golgatahendinga. Björgvin biskop står difor at framlegget om redusert tilseiingsord/erklæringsord ikkje vert tatt inn i liturgien og at ein har same tilseiingsord i alle nattverdliturgiane.

Det er naturleg at ein byter ut eit gammalt og kjært, men kommunikasjonsmessig dårleg ord som «kalk», og heller fylgjer bibelomsetjinga og bruker «beger».

Av same grunn er det naturleg å bruka «kropp» i staden for «lekam» Ein bør òg legge vekt på å vere konsekvent i sjølve liturgien slik at det Jesus gjev til sine læresveinar i innstiftingsorda er det same som ein gjev nattverddeltakarane i utdelingsorda. Då bør ein følge bibelomsetjinga.

Høyrings spørsmål 5e: Har de kommentarar eller endringsforslag til ledd 19 og 20 i høyringsforslaget?

Bjergvin biskop er glad for at det no kjem ei meir fulltonande, men likevel kort nattverdliturgi med prefasjonsdialog som er laga for gudstenester med både dåp og nattverd (Nattverdbøn G).

Det bør vere felles utdelingsord ved alle gudstenester, og desse bør vere: «Kristi kropp gitt for deg, Kristi blod utrent for deg.» Desse formuleringa er meir evangeliske enn dei kortare variantane ved at dei framhev nattverden sin karakter av nådemiddel og sakramental gåve.

Høyringstema 6: Justeringar i dei ein skilde nattverdbønene

Høyrings spørsmål 6: Gje gjerne kommentarar eller endringsforslag til nattverdbønene.

Nattverdbøn E bør ikkje ha formuleringa «dine vener» men heller halde seg til «din store familie» då dette er ei betre og meir bibelsk omtale av den kristne fellesskapen.

Som nemnt ovanfor er det godt at det kjem ei kortare nattverdbøn for dei som ønskjer det (Nattverdbøn G). Det står at denne er for særskilde høve, til dømes når det er mange dåp, men i realiteten vert dette standardliturgien i mange kyrkjelydar som har ofte dåp. Då burde denne liturgien knyta ei *linje til dåpen*. Til dømes kunne den setninga i nattverdbøn E som knyter saman dåpen og nattverden takast med.

Bjergvin biskop er glad for at dei nye nattverdbønene F og G har ei tydeleg formulering i epiklesen: «..så vi i (takk og) tru kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.» Denne formuleringa finst frå før i nattverdbøn A og dette burde vera ei standardformulering i alle nattverdbønene for å understreka at Jesus verkeleg er tilstades og at det er han me tar imot.

Høyringstema 7: Justeringar i hovuddel IV. Sending, ledd 22-25

Høyrings spørsmål 7: Har de kommentarar eller endringsforslag til hovuddel IV. Sending?

Ledd 22. Salme

På same måte som med inngangssalmen kan ein tilrå at kyrkjelyden står under siste salme, men det bør ikkje vera obligatorisk, særleg med tanke på dei små kyrkjelydane.

Ledd 24. Utsending

Alt som er meir enn det korte «Gå i fred. Ten Herren med glede» er her overflødig og bør takast bort. Velsigninga bør vere det siste ein får med seg, og ein treng ikkje nokre ekstra ord i tillegg. Det føreslåtte tekstane bør difor ikkje tas inn i hovudteksten.